

HANDLINGSPLAN

TRAFIKKSIKRINGSPLAN 2022 - 2026



29.09.2022



Føreord

Trafikksikringsplanen for Bjørnafjorden kommune vart vedteke i kommunestyre 12.05.2022, sak 63/2022. Som del av vedtaket bad kommunestyret om at kommunedirektøren utarbeider ein handlingsplan med forslag til prioritering av konkrete tiltak.

Trafikksikringsplanen for Bjørnafjorden kommune erstattar tidlegare Os og Fusa sine trafikksikringsplanar. Planen gir informasjon om ulykkesstatistikk i heile kommunen og bestemmer kva tiltak som skal prioriterast for å redusere ulykkestala og betre trafikktryggleiken for både køyrande, gåande og syklande. Nytt av denne planen, som ikkje var tema i planane til tidlegare Os og Fusa kommunar, er tryggleik på sjø.

Handlingsplanen omhandlar tiltak som krev at det vert sett av øyremerka midlar i budsjett. Kapittel 5 i Trafikksikringsplanen omhandlar i tillegg tiltak som vert handtert gjennom kommunen sin ordinære drift.

Handlingsplanen er utarbeidd av arbeidsgruppa for Trafikksikringsplanen og har bestått av:

- Agnete Haugland, Bjørnafjorden kommune
- Øystein Havsgård, Bjørnafjorden kommune
- Merete Lunde, ABO Plan & Arkitektur AS
- Bjørnar Ophaug Boge, ABO Plan & Arkitektur AS

Os, 29.09.2022

Innhald

Trafikksikringsplan for Bjørnafjorden kommune 2022 – 2026.....	4
Handlingsplan - prioriterte tiltak i perioden 2022 – 2026.....	6
Prioriterte langsiktige tiltak - kommunale vegar.....	7
Hjartesone - skular og barnehagar	8
Haldningsskapande arbeid og mindre trafikksikringstiltak	8
Prioriterte langsiktige tiltak - kommunale vegar. Omtale av prosjekta	9
Vedlegg	19

Trafikksikringsplan for Bjørnafjorden kommune 2022 – 2026

Trafikksikringsplanen er kommunen sitt styrande verktøy i arbeidet med trafikktryggleik. Vidare er ein oppdatert og godkjent plan ein føresetnad for at:

- kommunen skal kunne få tildelt midlar til trafikksikringstiltak
- kommunen skal kunne verte godkjent som Trafiksikker kommune etter Trygg Trafikk si godkjenningsordning. Kommunestyret har vedteke at Bjørnafjorden kommune skal verte godkjent, og arbeidet med dette er alt i gang.

Bjørnafjorden kommune sin trafikksikringsplan for 2022-2026 har følgande mål:

Hovudmål: Redusere tal omkomne og hardt skada til null innan utgangen av planperioden (innan 2026).

Delmål 1: Bjørnafjorden kommune skal vere godkjent som Trafiksikker kommune.

Delmål 2: Auka tilrettelegging for mjuke trafikkantar, med særleg vekt på skuleveg.

Delmål 3: Hjartesonar skal vere innført rundt alle kommunale skular og barnehagar.

Delmål 4: Reduksjon i ulykkestyper som normalt har alvorleg utfall¹ og lågare grad av alvorlegheit på dei ulykkene som skjer.

Delmål 5: Auka andel personar som nyttar kollektivtransport framfor personbil i kvar dagen.

Vegtypar og vegmynde i Bjørnafjorden kommune

E39 går gjennom vestre del av kommunen (tidlegare Os), ca. 17 km. I tillegg er det om lag 165 km fylkesvegnett i kommunen og om lag 170 km kommunalt vegnett i kommunen.

Statens vegvesen har ansvaret for E39, Vestland fylkeskommune har ansvaret for fylkesvegane og Bjørnafjorden kommune har ansvaret for dei kommunale vegane.

Trafikksikringsplanen for Bjørnafjorden kommune omhandlar alle dei tre vegtypane i kommunen, men det er berre dei kommunale vegane kommunen sjølv kan bestemme trafikksikringstiltak på. For trafikksikringstiltak på E39 og fylkesvegane må kommunen gje innspel til fylkeskommunen og Statens vegvesen om tiltak som kommunen meiner bør prioriterast på desse vegane. Prosjekt/tiltak som vert spelt inn må vere prioritert i kommunen sin Trafikksikringsplan.

Denne handlingsplanen gjeld:

- Prioriterte langsiktige tiltak på kommunale vegar for perioden 2022 – 2026, basert på liste over *Viktige trafikksikringstiltak*, Vedlegg 7 i godkjent Trafikksikringsplan 2022 - 2026.
- Hjartesone skular og barnehagar.
- Haldningsskapande arbeid og mindre trafikksikringstiltak på kommunale vegar, basert på liste over *Viktige trafikksikringstiltak*, Vedlegg 7 i godkjent Trafikksikringsplan 2022 - 2026.
- Regulering og prosjektering.

Handlingsplan - prioriterte tiltak i perioden 2022 – 2026

Prioriterte langsiktige tiltak på kommunale vegar for perioden 2022 - 2026

Prioriterte langsiktige tiltak på kommunale vegar for perioden 2022 – 2026 er basert på tiltak/prosjekt i prioritetskategori 1 i liste over *Viktige trafikksikringstiltak, Vedlegg 7* i godkjent Trafikksikringsplan 2022 – 2026, men med følgjande unntak:

- Stallabrotvegen – under utføring
- Gymnasvegen – under utføring
- Skeisstøa – rekkjefølgjekrav til utbygging.
- Langedalen – Evt. ny kopling mellom Søfteland og Lyseparken må vurderast i framtida.
(Kostnaden er basert på gang- og sykkelveg.)

Prioriterte langsiktige tiltak vert prioritert gjennom politisk behandling.

Aktuelle prosjekt framgår av liste og omtale under.

Prioriterte langsiktige tiltak - kommunale vegar

Forslag til prioritet	Veg nr	Strekning	Tiltak	Estimert byggekostnad inkl. mva.	Kommentar	* GIS-kart nr.
1	Kv1023	Giskavollen- Os barneskule	Fortau iht. vedtatt reguleringsplan. Eventuelt etter endringar i igangsett sentrumsplassering.	17 600 000 ¹	Må sjåast i samanheng med ny sentrumsplassering	24
2	Kv1039	Holtebrekka frå Byvegen til enden av parkeringsplassen på sørsida av vegen.	Fortau	17 000 000 ²	Må sjåast i samanheng med ny sentrumsplassering	23
3	KV2101	Leiro (Eiklandsosen) Frå Kryss Fv. 552 ved Eikeland til Fusafoss Vidaregåande skule	Utbetring av veg med gang- og sykkelveg iht. vedtatt områdeplan, samt fotgiengerovergang i kryss mellom Fv552 og Kv2101	5 000 000 ²	Regulert i områdeplan	51
4	Kv1188	Skeisleira. Frå ca. ved Skeisleira 52A til kryss Skeisbotn.	Fortau	1 000 000 ²	Må avklare om det er behov for reguleringsendring - flytte fortauet til andre sida av vegen	29
5	Kv1092	Ulvenvegen/Nymark Frå bygd fortau ved Ulvenvegen 17A til kryss Fv 5154 Ulvenvegen (120 m).	Fortau	1 500 000 ²	Må regulerast	37
6	Kv1306	Finnebrekka. Frå kryss Hatvikvegen til gamlebrua.	Fortau	27 000 000 ²	Må sjåast i samanheng med ny sentrumsplassering	46
7		Ferstadvegen	Fortau	5 000 000 ²	Eldre reguleringsplan	42
8	KV1307	Borgavegen ved Lundabakkane	Utbetring av vegstandar og sikra mjuke trafikantar i Lundabakkane/fortau.	11 500 000 ²		25

¹ Kostnadsestimat ABO datert 15.08.2022, basert på skisseprosjekt frå 2019.

² Kostnadene er basert på løpemeterpris. Desse byggekostnadene er orienterande og kvart tiltak må særskilt kalkulerast før det vert klart kva som må løystast.

Hjartesone - skular og barnehagar

Tiltak	Årleg økonomisk ramme (kr)
Hjartesone: Alle kommunale skular og barnehagar i Bjørnafjorden skal ha innført hjartesone i tilknyting til si skule, tilpassa den enkelte skule/barnehage sitt behov.	250 000

Haldningskapande arbeid og mindre trafikksikringstiltak

Tiltak	Årleg økonomisk ramme (kr)
Haldningskapande arbeid Mindre trafikksikringstiltak: - gangfelt - nedsett fartsgrense/ fartshumper - veglys - skilting - vedlikehald, sikring	500 000

Regulering, prosjektering


Tiltak	Årleg økonomisk ramme (kr)
Regulering Detaljprosjektering	500 000

Prioriterte langsiktige tiltak - kommunale vegar. Omtale av prosjekta


Prioritet 1

KV 1023 Giskavollen – Os barneskule. Fortau

I TS-planen er fortau i Giskavollen rangert prioritetskategori 1. I 2019 vart det utarbeidd eit skisseprosjekt for omlegging av hente- og bringeløysinga ved Os barneskule og framføring av fortau i Giskavollen. Den prosjekterte løysinga er lagt til grunn i utkast til områdeplan Osøyro, som er klar for 1. gongs behandling.



Figur 1. Teikninga viser omfanget av prosjektet Giskavollen, frå kryss med Landboden til kryss med Byvegen. Frå kryss Landboden t.o.m. innkjøring til parkeringshuset under idrettsbanen ved ungdomsskulen er prosjektet gjennomført.



Figur 2. Utsnitt av forslag til områderegulering Osøyro, datert 15.06.2022.


Prioritet 2

KV 1039 Holtbrekka, kryss Byvegen – parkeringsplass sør for Os Næringspark. Fortau

I TS-planen er fortau i nedre del av Holtbrekka, frå kryss Byvegen til parkeringsplassen framfor Os Næringspark rangert prioritetskategori 1. I forslag til områdeplan Osøyro, som er klar for 1. gongs behandling, er nedre del av Holtbrekka stengd og det er vist ny veg inn til området på nordsida av Os Næringspark. Prioritering av fortau i Holtbrekka må vurderast opp mot aktuelt gjennomførings-tidspunkt for områdeplanen.



Figur 3. Flyfoto kor fortau Holtbrekka er markert.



Figur 4. Utsnitt av områderegulering Osøyro som er klar til 1. gongs behandling. Områdeplanen viser omlegging av vegsystemet i Holtbrekka.

Prioritet 3

KV 2101 Leiro, kryss Fv 552 v/Eikeland – Fusa vidaregåande skule. Gang- /sykkelveg

I TS-planen er manglende gang-/sykkelveg i Leiro, frå kryss Fv 552 til Fusa vidaregåande skule rangert i prioritetskategori 1. Områdeplan Eikelandsosen viser noko omlegging av nedre del av Leiro og område for kollektivterminal. Gang-/sykkelveg langs dagens Leiro må vurderast opp mot utforminga i områdeplanen.



Figur 5. Flyfoto kor planlagt fortau er illustrert.



Figur 6. Utsnitt frå områdeplan Eikelandsosen. Områdeplanen viser omlegging av nedre del av Leiro.


Prioritet 4

Skeisleira, Skeisleira 52A - kryss Skeisbotn. Fortau

I TS-planen er manglende fortau i Skeisleira frå Skeisleira 52A til kryss Skeisbotn rangert i prioritetskategori 1. Reguleringsplanen for Sagebakken (tredde i kraft 1990) viser fortau på nordsida av vegen her, mens reguleringsplanen for Skeisbotnen (tredde i kraft 2010) regulerer krysset Skeisleira/Skeisbotnen utan fortau i Skeisleira. Eksisterande fortau i Skeisleira er bygd på sørsida av vegen og det kan derfor vere aktuelt å fortsette fortauet på den sida av vegen. Må avklare behov for reguleringsendring.



Figur 7. Skeisleira. Flyfoto kor planlagt fortau er illustrert.



Figur 8. Utsnitt av reguleringsplanen for Sagebakken og Skeisbotnen.

Prioritet 5

Ulvenvegen/Nymark, Ulvenvegen 17A – kryss Fv 5154 Ulvenvegen. Fortau

I TS-planen er manglende fortau i Ulvenvegen, frå nr. 17A til kryss Fv 5154 rangert i prioritetskategori 1. Strekninga som manglar fortau er uregulert. Det kan vere behov for å regulere.



Figur 9. Ulvenvegen. Flyfoto kor planlagt fortau er illustrert.




Figur 10. Utsnittet viser tilgrensende reguleringsplanar. Aktuelt fortau inngår ikkje i nokon reguleringsplan.

Prioritet 6

Finnebrekka, kryss Hatvikvegen – gamle Osbrua. Fortau

I TS-planen er fortau i Finnebrekka, frå kryss Hatvikvegen til gamle Osbrua rangert i prioritetskategori 1. I forslag til områdeplan Osøyro, som er klar for 1. gongs behandling, er det regulert fortau.



Figur 11. T.v. Finnebrekka. Flyfoto kor planlagt fortau er illustrert. T.h. Utsnitt av forslag til områderegulering Osøyro, datert 15.06.2022.


Prioritet 7

Ferstadvegen. Fortau

I TS-planen er fortau i Ferstadvegen, frå kryss Nilsavegen til kryss Vågedalen rangert i prioritetskategori 1. Fortau er regulert i eldre plan for Lekven frå 1995. Ferstadvegen har ein bratt bakke på dette strekket, og evt. omlegging av trasé bør vurderast før bygging av fortau.



Figur 12. Ferstadvegen. Flyfoto kor planlagt fortau er illustrert.




Figur 13. Utsnitt av reguleringsplan for Lekven, kor fortauet inngår.


Prioritet 8

Borgavegen ved Lundabakkane. Fortau og utbetra vegstandard

I TS-planen er manglende fortau i Lundabakkane i Borgavegen rangert i prioritetskategori 2. Strekninga som manglar fortau er uregulert. Det kan vere behov for å regulere.



Figur 14. Borgavegen, Lundabakkane. Flyfoto kor planlagt fortau er illustrert.



Figur 15. Utsnittet viser tilgrensande reguleringsplanar. Aktuelt fortau inngår ikke i nokon reguleringsplan.

Haldningsskapande arbeid og mindre trafikksikringstiltak på kommunale vegar

Mindre trafikksikringstiltak på kommunale vegar er basert på liste over *Viktige trafikksikringstiltak, Vedlegg 7* i godkjent Trafikksikringsplan 2022 - 2026.

Administrasjonen prioriterer midlar til haldningsskapande arbeid og mindre tiltak frå tiltaksbanken innanfor ei årleg økonomisk ramme fastsett gjennom politisk behandling.

Mindre tiltak omfattar:

- gangfelt
- nedsett fartsgrense og fartshumper
- veglys
- skilting
- vedlikehald, sikring

Gangfelt

Gangfelt vert vurdert ut i frå kriterium i vegnormal med omsyn på tal køyretøy, tal mjuke trafikantar og fartsgrense.

Nedsett fartsgrense og fartshumper

Nedsett fartsgrense og fartshumper vert vurdert etter gjennomført fartsmåling.

Veglys

Skuleveg og tal skuleborn er kriterium i vurdering av veglys.

Skilting

Behov for skilting vert gjort ut i frå ei heilskapleg vurdering av trafikkbiletet.

Vedlikehald/sikring

Vedlikehald og sikring kan t.d. gjelde sideterreng. Dette vert vurdert ut i frå ei heilskapleg vurdering av vegstandard.

Hjartesone – skular og barnehagar

Administrasjonen prioriterer tiltak for hjartesone innanfor ei årleg økonomisk ramme fastsett gjennom politisk behandling.

Kvar kommunale skule og barnehage må lage sin eigen trafikksikringsplan, som vert lagt til grunn for prioritering av tiltak. Dette skal vere ein enkel plan basert på ein felles mal som kommunen må utarbeide.

Regulering, prosjektering

Administrasjonen prioriterer tiltak for regulering og detaljprosjektering innanfor ei årleg økonomisk ramme fastsett gjennom politisk behandling.

I prioriteringa vil det bli lagt vekt på å regulere og projektere tiltak som er høgt prioritert på tiltakslista for langsiktige tiltak. Det kan her og vurderast tiltak på E39 og fylkesvegar som kommunen vurderer som særstakt viktige å få gjennomført. I prioriteringa kan det også bli lagt vekt på tiltak som gjeld samordning med andre fagfelt, som t.d. VA-anlegg.

Vedlegg

1. Trafikksikringsplanen for Bjørnafjorden kommune 2022 – 2026 (tekstdel)
2. Trafikksikringsplanen for Bjørnafjorden kommune 2022 – 2026 – VEDLEGG 7: Viktige trafikksikringstiltak 22.02.2022